

MØTEINNKALLING

Utval: Arbeidsmiljøutvalet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 29.02.2016
Tid: 13:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 22.02.16

Olaus-Jon Kopperstad
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/16	Protokoll frå førre møte.
PS 3/16	Medlemmar og samansetning av Arbeidsavklaringsutvalet (AAU) 2016
PS 4/16	Årsrapport AMU 2015
PS 5/16	Sjukefråvær 3. tertial og heile 2015
PS 6/16	Bedriftshelsetensta - årsrapport 2015 og handlingsplan 2016

PS 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/16 Protokoll frå førre møte.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2015/1364
		Arkiv:	440

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/16	Arbeidsmiljøutvalet	29.02.2016

MEDLEMMAR OG SAMANSETNING AV ARBEIDSAVKLARINGSUTVALET (AAU) 2016

Tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet godkjenner tilrådte medlemmar og samansetning av Arbeidsavklaringsutvalet (AAU).

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Hovudverneombod
- Hovudtillitsvalde

Vedlegg:

Saksopplysningar:

I Mandat og retningsline for arbeidsavklaringsutvalet heiter det i punkt i punkt 1.1. at AMU skal godkjenne medlemmane i Arbeidsavklaringsutvalet (AAU)¹. Vidare heite det i punkt 1.2. at AAU skal ha;

- «1 fast representant frå arbeidsgjevar (t.d. rådmannen)
- 1 fast representant for vernetenesta/arbeidstakar (t.d. hovudverneombod)
- 1 fast representant frå bedriftshelsetenesta (BHT)
- 1 fast sekretær frå arbeidsgjevar (t.d. personalleiar)
- 1 representant frå den arbeidstakar saka gjeld (t.d. arbeidstakar sin tillitsvald eller annan person som den tilsette har særleg tillit til.)»

Partsamansetning var oppe som sak i IA-utvalet den 9. september 2015. I utvalet sit, i tillegg til representantar frå arbeidsgjevar og dei tilsette, representantar frå NAV og bedriftshelsetenesta. I utvalet var det semje om «partsamansetjinga i AAU, der personalleiar la fram forslag om arbeidsgjevar og arbeidstakar sine representantar i utvalet.»

Rådmannen har i samtale med personal- og organisasjonsleiar delegert vidare rolla som representant for arbeidsgjevar til personal- og organisasjonsleiar. Grunngevinga for dette er at per dags dato har Herøy kommune ingen assisterande rådmann. Det tyder i praksis at all arbeidsmengd og ansvar, som naturleg ligg til assisterande rådmann, i dag ligg hjå rådmannen. For å avlaste rådmannen er nemnde rolle delegert.

Kontaktutvalet handsama den 27. januar 2016 personal- og organisasjonsleiar si innstilling til om samansetning av AAU. Kontaktutvalet kom til slik avgjerd;

«Medlemmar:

- 1 fast representant frå arbeidsgjevar – personal- og organisasjonsleiar
- 1 fast representant frå vernetenesta – hovudverneombod
- 1 fast representant frå BHT
- 1 fast representant frå arbeidsgjevar – personalkonsulent AK Eiken
- 1 fast representant frå arbeidstakar som saka gjeld (tillitsvald eller ein annan person som den tilsette har tillit til)

Går som sak til AMU 29.02.16»

¹ Arbeidsavklaringsutvalet (AAU) er eit underutval av Arbeidsmiljøutvalet (AMU). Medlemmane av AAU vert godkjende av AMU, på bakgrunn av tilråding frå Kontaktmøte og IA-utvalet.

AAU er eit rådgjevande organ. Det skal medverke til å leggje til rette arbeidet slik at arbeidstakar, som er blitt hemma i sitt yrke på grunn av sjukdom eller skade, skal kunne fortsette i arbeid så langt som det er mogleg. Medlemmane i AAU er peika ut for same periode som AMU (2 år), med moglegheit for attval. AAU har møte ved behov og det skal skrivast referat frå møta. Saksdokument som inneheld personopplysningar skal arkiverast i elektronisk personalmappe.

Alle medlemmar i AAU og/eller som medverkar til saker for AAU har teieplikt.

Vurdering og konklusjon:

Med heimel i Mandat og retningsline for arbeidsavklaringsutvalet punkt. 1.1. kjem Kontakt- og IA-utvalet med fylgjande tilråding til samansetning;

- 1 fast representant frå arbeidsgjevar:
Personal- og organisasjonsleiar Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
- 1 fast representant frå vernetenesta:
Hovudverneombod Olaug Andreassen
- 1 fast representant frå BHT
- 1 fast representant frå arbeidsgjevar:
Personalkonsulent Ann Kristin Eiken
- 1 fast representant frå arbeidstakar som saka gjeld (tillitsvald eller ein annan person som den tilsette har tillit til)

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Klårt grensesnitt, ansvars- og arbeidsfordelingdeling gjev sikrere drift av organisasjonen.

Fosnavåg, 12.02.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Personal- og organisasjonsleiar

Sakshandsamar: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2015/417
		Arkiv:	004

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/16	Arbeidsmiljøutvalet	29.02.2016

ÅRSRAPPORT AMU 2015

Tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek årsrapporten til vitande.

Særutskrift:

- Kommunestyre
- Rådmannen si leiargruppe
- Arbeidstakarorganisasjonane

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) skal etter Arbeidsmiljølova § 7-2 (6) gje ein årleg rapport over arbeidet i utvalet, samansetning, møteverksemd til styrande organ og til arbeidstakarorganisasjonane.

Leiar i AMU vert vald for eit år om gongen, medan medlemmar vert vald for to år. Leiarvervet alternerer mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar.

Medlemmar AMU 2015:

Namn	Funksjon	Nemning	Kommentarar og endringar
Olaus-Jon Kopperstad	Leiar	Rådmann	
Arnulf Goksøy	Nestleiar	Ordførar	
Olaug Andreassen	Medlem	HVO	
Eli Karin Kvalsund	Medlem	HTV	
Oddbjørn Vinjevoll	Medlem	HTV	
Marina Hoff Myking	Medlem	TV	
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP	Medlem til 18.11.2015
Jonny Hundsnes	Medlem	AP	
Tor-Sindre Steinsvik	Vara	Varaordførar	Vara til 18.11.2015
Camilla Storøy	Vara	Varaordførar	Vara får 19.11.2015
John Nerem	Vara	KRF	Vara til 18.11.2015
Ann-Kathrin Storøy	Vara	H	Vara frå 19.11.2015
Ole Brubakk	Vara	KRF	Vara frå 19.11.2015
Silje O. Gjelseth	Vara	AP	
Jarl Martin Møller	Vara	Tilsett/leiar	Vara frå 19.11.2015
Rolf Sivertsen	Vara	TV	Vara til 18.11.2015
Marita Siv Pedersen	Vara	TV	
Kjartan Paulsen	Vara	TV	Vara til 18.11.2015
Sunniva Karlsen	Vara	HTV	Vara til 18.11.2015

Møter i 2015:

Møtedato	Tidspunkt	Stad	Møterom
20.04.2015	14:00	Herøy rådhus	Formannskapssalen
01.06.2015	14:00	Herøy rådhus	Møterom 1
21.09.2015	14:00	Herøy rådhus	Møterom 1
30.11.2015	14:00	Herøy rådhus	Formannskapssalen

Utvalet har i hovudsak handsama og vore involvert i desse sakene:

- Rapportering og gjennomgang av sjukefråværet per tertial
- Årsrapport AMU 2014
- Oppsummering HMS-arbeidet 2014
- Overordna HMS-plan 2015
- Retningslinjer for tobakksbruk hjå Herøy kommune
- Presisering kring verneombod for leiarar
- Arbeidsmiljøprisen 2015
- Mandat og retningslinjer for Arbeidsavklaringsutval (AAU) hjå Herøy kommune
- Endring av verneområde hjå Herøy kommune
- Handlingsplan inkluderande arbeidsliv (IA-plan) 2015-2018
- Budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019

Referatsaker:

- Reinhold kommunale bygg

Orientering/drøfting:

- Eigedomsleiar orienterte om utviklingsplan kommunale bygg 2015-2020

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen vurderer det slik at nærværande årsrapport gjev eit oversiktleg og representativt oversyn over mangfaldet og hovudlinene i utvalet sitt arbeid i 2015.

Konsekvensar for folkehelse:

Eit vel fundert og systematisk arbeid i Arbeidsmiljøutvalet vil over tid ha positiv verknad på arbeidsmiljøet særskilt og helsa generelt for tilsette i organisasjonen.

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Eit vel fundert og systematisk arbeid HMS-arbeid monitorert av Arbeidsmiljøutvalet, vil ha positiv verknad på den generelle drifta av organisasjonen, og i høve særskilte prosjekt og tiltak.

Fosnavåg, 12.02.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Personal- og organisasjonsleiar

Sakshandsamar: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	AKE	Arkivsaknr:	2012/176
		Arkiv:	441

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/16	Arbeidsmiljøutvalet	29.02.2016

SJUKEFRÅVÆR 3. TERTIAL OG HEILE 2015

Tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.

Særutskrift:
Kommunestyre
Rådmannen si leiargruppe
Arbeidstakarorganisasjonane
Hovudverneombodet

Tabell 1 nedanfor viser sjukefråværet for 1., 2., og 3. tertial.

Tertialvise frávær i % Herøy kommune. 1. tertial, 2. og 3. tertial 2015									
L= Langtidsfrávær, K= Kortidsfrávær									
Avdeling	1. tertial	K	L	2. tertial	K	L	3. tertial	K	L
Personal og org. inkl. Økonomi (>10)	8,69	1,31	7,37	4,52	1,4	3,12	5,32	1,03	4,29
Fellessekr. (<5)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	37,56	0	37,56	11,57	0	11,57	0,39	0,39	0
Servicetorget (<10)	8,87	8,87	0	0,88	0,88	0	14,25	3,14	11,11
Utviklingsavd. (<10)	7,12	1,66	5,26	2,07	0,84	1,23	5,44	3,53	1,91
Barnehageavd. (<40)	13,63	3,06	10,57	8,35	2,93	5,41	12,32	3,46	8,86
Grunnskuleavd. (<25)	7,32	2,44	5,27	5,38	0,87	4,51	5,32	1,5	3,82
Anl. og drift (<15)	11,58	3,22	8,36	4,89	0,42	4,47	0,8	0,8	0
Brannvern (<30)	1,09	1,09	0	0,28	0,13	0,15	1,23	0,95	0,28
Helse (<40)	8,01	0,98	7,02	6,61	0,74	5,86	2,55	0,67	1,87
Pleie og omsorg (<30)	12,08	2,45	9,63	8,87	1,98	6,89	7,04	2,14	4,9
Bu og hab. (<75)	16,05	2,99	13,07	8,02	2,28	5,74	7,94	3,11	4,84
Barnevern (<10)	14,16	0,71	13,45	8,08	0,74	7,34	5,28	2,45	2,82
Kultur (>10)	3,52	2,85	0,67	3,43	2,68	0,75	5,69	1,95	3,73
Eigedom (<40)	12,26	2,7	9,56	8,96	2,32	6,64	22,29	3,21	16,38
NAV kommune (10)	15,51	6,23	9,26	17,4	2,77	14,69	13,64	2,27	11,37
Totalt frávær	10,53	2,41	8,12	7,25	1,55	5,7	7,52	2,04	5,48

Tabell 2 nedanfor viser det totale sjukefråværet i 2015.

Avdeling	Heile 2015	K	L
Personal og org. inkl. HTV, HVO og lærl. (<20)	6,18	1,25	4,93
Økonomi (>10)	10,21	1,83	8,38
Fellessekr. (<5)	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0
IKT (<5)	17,4	0,13	17,27
Servicetorget (<10)	6,71	3,25	3,46
Utviklingsavd. (<10)	4,89	1,98	2,9
Barnehageavd. (<40)	11,4	3,16	8,24
Grunnskuleavd. (<250)	5,97	1,54	4,43
Anl. og drift (<15)	5,4	1,35	4,05
Brannvern (<30)	0,92	0,82	0,1
Helse (<40)	5,68	0,8	4,98
Pleie og omsorg (<300)	9,3	2,19	7,11
Bu og hab. (<75)	10,48	2,79	7,69
Barnevern (<10)	7,38	1,13	6,25
Kultur (>10)	4,23	2,49	1,74
Eigedom (<40)	14,71	2,75	11,96
NAV kommune (10)	15,5	3,67	11,83
Totalt frávær	8,42	2	6,42

Tabell 3 viser sjukefråværet i 3. tertial i 2014 og 2015

Tertialviserfråværet i % Herøy kommune 3. tertial 2014 og 3. tertial 2015						
L= Langtidsfråværet, K=Kortidsfråværet						
	2014			2015		
Avdeling	3. tertial	K	L	3. tertial	K	L
Personal og org. inkl.	7,29	1,82	5,47	5,32	1,03	4,29
Økonomi (>10)	1,58	1,15	0,43	9,87	1,45	8,41
Fellessekr. (<5)	0	0	0	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	36,57	4,07	32,5	0,39	0,39	0
Servicetorget (<10)	1,3	1,01	0,29	14,25	3,14	11,11
Utviklingsavd. (<10)	2,08	2,08	0	5,44	3,53	1,91
Barnehageavd. (<40)	14,46	3,21	11,25	12,32	3,46	8,86
Grunnskuleavd. (<25)	6,61	1,61	5	5,32	1,5	3,82
Anl. og drift (<15)	3,18	0,68	2,5	0,8	0,8	0
Brannvern (<30)	2,56	1,29	1,28	1,23	0,95	0,28
Helse (<40)	5,72	1,2	4,52	2,55	0,67	1,87
Pleie og omsorg (<30)	9,07	2,01	7,06	7,04	2,14	4,9
Bu og hab. (<75)	12,79	1,6	11,19	7,94	3,11	4,84
Barnevern (<10)	2,9	1,95	0,94	5,28	2,45	2,82
Kultur (>10)	0,7	0,7	0	5,69	1,95	3,73
Eigedom (<40)	13,47	2,59	10,84	22,29	3,21	16,38
NAV kommune (10)	2,68	2,68	0	13,64	2,27	11,37
Totalt fråværet	8,27	1,8	6,32	7,52	2,04	5,48


Saksopplysningar:

Herøy kommune hadde eit samla sjukefråværet i 3. tertial 2015 på 7,52%. Det betyr at kommunen ligg om lag akkurat på mål for nærværet som er 92,5%. Dersom vi samanliknar med same tertial 2014, har vi ein reduksjon i fråværet med 0,75%.

Generelt endrar sjukefråværet seg gjennom året, og ligg ofte på eit høgare nivå i 3. tertial. Langtidsfråværet er det som gjev størst utslag på statistikken og for 3. tertial 2015 er det på 5,48%. Samanliknar vi igjen 2014 og 2015, skil det over ein prosent.

Dersom vi ser på det gjennomsnittlege fråværet for heile 2015 (sjå tabell 2) og samanliknar med tertial 1., 2. og 3., ser vi at variasjonane i fråværet kjem tydeleg fram. Om vi til dømes ser på Eigedomsavdelinga ser vi at fråværet i 3. tertial var på 22,9%, medan det for heile året låg på gjennomsnittleg 14,71%. I avdeling for Bu- og habiliterings som har hatt ein nedgang i sjukefråværet gjennom heile året ser vi at 3. kvartal ligg med 7,94% fråværet, medan gjennomsnittet for året ligg på 10,48%.

Diagrammet viser tertialvist fråvær dei tre siste åra, dvs. 2013, 2014 og 2015.



Vurdering og konklusjon:

Generelt ser vi av både tabell 1 og 2 at sjukefråværet varierer mykje frå den eine avdelinga til den andre. Avdelingar med få tilsette vil få ein større prosentvis utslag enn avdelingar med mange tilsette. Døme på dette er Personal- og organisasjonsavdelinga eller IKT- avdelinga som har få tilsette.

11 av 18 avdelingar har ein nedgang i sjukefråværet frå 3. tertial 2014 til 2015, noko som isolert sett er svært positivt.

Dersom vi ser på utviklinga av sjukefråværet i 2015, er det særleg verdt å merke nedgangen i sjukefråvær hos Pleie- og omsorgsavdelinga som har hatt ein jamn nedgang i 2015. Avdelinga hadde i 1. tertial eit sjukefråvær på 12,08, gjekk ned til 8,81 i 2. tertial og hadde for 3. tertial eit sjukefråvær på samla 7,04%. Noko som ligg godt under målsetjinga til Herøy kommune.

Ei anna avdeling som har hatt markant nedgang er Bu- og habiliteringsavdelinga med ein nedgang på 8,11% frå 1. til 3. kvartal. Andre avdelingar som kan skilte med nedgang i same periode er Barnevern som har gått frå 14,6% til 5,28%, Anlegg og drift frå 11,58% til 0,8% og avdelingane Nav kommune, helse og grunnskulen har også hatt ein nedgang på om lag 2%. Det er og grunn til å vise til markant nedgang hos IKT-avdelinga som har under ein halv prosent fråvær i 3. tertial.

Ei av dei avdelingane som har hatt ei negativ utvikling er Eigedomsavdelinga, med ein auke på 10% sjukefråvær. Når det er sagt er det grunn til å understreke at det er ei svært samansett avdeling og med til dels tungt fysisk arbeid, der mellom anna reinhald og

vedlikehald ligg. Det går også fram av statistikken av variasjonane gjennom året har vore store.

Tabellane syner også ein oppgang i sjukefråvær i dei små avdelingane, mellom anna Servicetorget, men det er grunn til å understreke at i ei avdeling med få tilsette gir ei endring i nærværet stort utslag.

Samla sett er det mykje positivt å lese ut av statistikken, sjølv om der er ein liten auke frå siste tertialrapport. Dei store avdelingane har ei fin utvikling i nærværet, og det kan synes som om fråværet kan stabilisere seg inn i mot det som er målsetjinga til Herøy kommune dersom vi ser på siste tertial. Ser vi der i mot på årsfråværet, har vi ein veg å gå.

Herøy kommune er ei IA-verksemd og det vert jobba målretta med sjukefråvær, både gjennom førebygging og oppfølging av sjukmelde. Med utgangspunkt i dei tala som no føreligg er det mange som gjer ein god jobb og med synleg resultat.

Konsekvensar for folkehelse:

Auka nærvær vil ha positive følgjer for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Lågt sjukefråvær har konsekvensar for drifta. Det vert mindre arbeid med å følgje opp dei sjukmelde og leige inn vikarar. Der blir betre kontinuitet i tenestene.

Fosnavåg, 15.02.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen- Hjelmeseth
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ann Kristin Eiken



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2016/82
		Arkiv:	441

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/16	Arbeidsmiljøutvalet	29.02.2016

BEDRIFTSHELSETENSTA - ÅRSRAPPORT 2015 OG HANDLINGSPLAN 2016

Tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek årsrapporten for 2015 og handlingsplan for 2016 frå bedriftshelsetenesta Stamina Helse til vitande.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Hovudverenobod
- Hovudtillitsvalde

Vedlegg: 2

Saksopplysningar:

Herøy kommune har avtale med Stamina Helse som bedriftshelsetenesteleverandør til og med 31.12.2016.

Bedriftshelsetenesta levere eit breitt spekter av tenester bl.a. arbeidshelse- og arbeidsplassundersøkingar, tek del på dialog- og AMU-møter og gjennomfører vaksinasjonar m.m.

I 2015 har bedriftshelsetenesta i hovudsak gjennomført arbeidshelseundersøkingar, tek del på dialog- og AMU-møter, gjennomført helsesertifisering og vaksinasjonar m.m. Det vert elles synt til vedlagt årsrapport.

For 2016 er det blant anna planlagt/avtalt arbeidsmiljøkartleggingar, opplæring i ergonomi og fyrstehjelpskurs. Nytt av året er at bedriftshelsetenesta tek del som fast representant i det ny-opprettete Arbeidsavklaringsutvalet. Det vert elles synt til vedlagt handlingsplan. Handlingsplanen er vedteken i IA-utvalet og verte signert på fyrtskomande IA-møte.

Vurdering og konklusjon:

Herøy kommune opplever bedriftshelsetenesta som ein nyttig og viktig samarbeidspart både i samband med det generelle HMS-arbeidet i kommunen og i konkrete saker. Ved opprettinga av Arbeidsavklaringsutvalet vil bedriftshelsetenesta også vere ein viktig objektiv og fagleg aktør i einskildsaker framover.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Avtale og plan med bedriftshelsetenesta er med på å sikre drifta både ved at våre tilsette bl.a. har naudsynt helsesertifiseringar og vaksiner.

Fosnavåg, 12.02.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Personal- og organisasjonsleiar

Sakshandsamar: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

2016/42/441/2

Årsrapport for 2015 for Herøy kommune

RAPPORT FRÅ STAMINA HELSE

Oppdragsgjevar
Herøy Kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Distribuert til
Ann Kristin Eiken, personalkonsulent
Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth, personal- og organisasjonsleiar
Olaug Andreassen, hovedverneombud

Utarbeidd av
Anja B. Dahl, KAM/HMS-rådgivar

Sendt over til kunde: 18.01.2016

1. Innleiing

Årsrapporten er ei oppsummering av dei tenestene Stamina Helse har hjelpt med gjennom året. Tenesta skal dekkje verksemda sine behov for HMS-oppfølging og bistand i høve til Arbeidsmiljølovas § 3-3, Forskrift om organisering, leiing og medverknad kapittel 13, og Forskrift om systematisk HMS-arbeid § 5.

Rapportar/notat som skildrar utførte oppdrag er sendt over løpande i året som er gått.

2. Rådgjevarar frå Stamina Helse

Kundeansvarleg i 2015 har vore Anja B. Dahl

Andre rådgjevarar som har hjelpt i 2015, er:

- Frode J. Ose, bedr.sjukepleiar (slutta)
- Håvard Ramsli, bedr.lege
- Marita Rogne, bedr.sjukepleiar
- Elisabeth H. Remme, bedr.sjukepleiar
- Ingvild Flåte Ekroll, bedr.sjukepleiar
- Stine Taklo, bedr.sjukepleiar
- Ragnhild Garshol, senior-rådgiver/bedr.sjukepleiar
- Britt Helen Rognstad, bedr.fysioterapeut
- Kari-Ann Lande, bedr.fysioterapeut
- Hennie Viseth, master i arbeids- og organisasjonspsykologi
- Odd Jonny Telseth, verneingeniør
- Geir Helge Solevåg, verneingeniør

3. Aktivitetsoversikt for 2015




Diagram 1: Viser leverte tenester i 2015 i beløp/kroner for dei ulike tenesteområda.

4. Skildring av aktivitetar, med utgangspunkt i handlingsplanen

Tabell 1: Viser avtalte og gjennomførte aktivitetar i 2015, med utgangspunkt i avtalt handlingsplan.

Tenesteområde	Avtalt aktivitet	Gjennomført aktivitet
Systematisk HMS-arbeid		
Handlingsplanmøte		26.11.2015
Oppfølging av plan	Midtevaluering	07.07.2015
Deltaking AMU	Deltaking på AMU etter innkalling	20.04., 01.06., 21.09. og 30.11.2015
Årsrapport	Innan 01.02.2015	06.01.2015
Sjukefråvær		
Dialogmøte	Deltaking og rådgiving v dialogmøter etter Herøy kommune sine behov + IA-møter	26.02., 21.05., 09.09. og 26.11.2015
Arbeidshelseoppfølging		
Helsekontrollar	• Myklebusttunet • Toftetunet • Raud avdeling • Avdeling A, distrikt 3	Ok Ok Forflytningsteknikk Forflytningsteknikk



Tenesteområde	Avtalt aktivitet	Gjennomført aktivitet
	• Ytre Herøy ungdomsskule • Reinholdsavd • NAV, Sosial	Ok Ok Ok
Helsesertifisering	Helseattest og fysisk test Herøy brannvern etter plan og lov om helsesertifisering	Ok
Vaksinering/reiserådgeving	Tilbod om yrkesvaksinering av tilsette/nytilsette innan reinhald og drift- og anlegg	Ok
Ergonomi		
Arbeidspasstilpassing individ	Den tilsette kontakter sin nærmaste leiar, som tek kontakt med BHT	
Psykososialt arbeidsmiljø, organisasjonsutvikling		
Konflikthandsaming	BHT kan vere ein part i oppfølging av partane i ein konflikt eller mobbesak	
Fysisk, kjemisk, biologisk arbeidsmiljø og inneklima		
Kartlegging/risikovurdering	Ved behov kan verneingeniør utføre arbeid innan tema yrkeshygiene	Inneklimatemåling
Krisehandsaming		
Bistand hendingar	BHT kan vere ein part i oppfølging etter ulykke eller uønska hending	

5. Måloppnåing og samarbeidet i 2015

Dei områda det har vore mest samarbeid om i 2015 har vore arbeidshelseundersøkelse

HMS-aktivitetane som var i handlingsplanen for 2015 blei utført. I tillegg bestilte kommuna andre HMS-tjenester etter behov. Stamina Helse opplever at kommuna jobber aktivt med HMS for å få eit trygt og godt arbeidsmiljø.

6. Tilrådingar for 2016

Stamina Helse ønskjer å bidra til at de når dei måla de set dykk for HMS-arbeidet. Vi ønskjer at de skal oppleve ein best mogleg effekt og god utnytting av dei rammene som ligg til grunn i avtalen, og at dei tiltaka som blir gjennomførte er målretta og bidreg til opplevd meirverdi. Dette ønskjer vi å vektleggje også i komande periode.

På vegner av Stamina Helse takkar eg for samarbeidet i året som gjekk, og ser frem til eit godt, helsefremjande og konstruktivt samarbeid i 2016.

7. Referansar

Arbeidsmiljølovas § 3-3

Forskrift om organisering, leiing og medverknad kapittel 13

Forskrift om systematisk HMS-arbeid (internkontrollforskrifta) § 5

2016/42/441/2

Handlingsplan 2016 for avtalt bistand frå Stamina Helse til Herøy kommune

Handlingsplanen er basert på avtalen om leveranse av bedriftshelseteneste frå Stamina Helse. Planen kan endrast i løpet av året om begge partane er samde om det. Planen er utarbeidd den 26.11.2015 av Ann Kristin Eiken (kontaktperson), Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth (personalsjef), Olaug Andreassen (hovedverneombod) og Anja B. Dahl (Stamina Helse).

Mål og ønskt effekt av planlagde aktiviteter:

Tenesteområde	Avtalt aktivitet	Tidspunkt	Ansvar	Omfang	Merknad
Systematisk HMS-arbeid					
Handlingsplanmøte	Planleggingsmøte for 2017	12.2016			BHT tek kontakt for gjennomføring av dette
Oppfølging/statusmøte	Halvårsevaluering	06.2016			BHT tek kontakt for gjennomgang av leverte tenester og planlegging av hausten
Møte i AMU/utval	AMU x3 pr år etter plan				
HMS-kartlegging					
Staminabarometeret					
Risikovurdering					
HMS-system/rådgjeving					
HMS Interaktiv (IK-HMS)					
Revisjon					
Nybygg/ombygging					

Tenestoområde	Avtalt aktivitet		Tidspunkt	Ansvar	Omfang	Merknad
Årsrapport			01.02.2016			
Anna						
Psykosialt/organisatorisk						
Arbeidsmiljøkartlegging	BU-hab - Nestun		Jan/feb			
Risikovurdering						
Organisasjonsutvikling						
Leiarutvikling						
Endring/omstilling						
Opplæring						
Rådgjeving						
Anna						
Ergonomi						
Ergonomisk kartlegging						
Risikovurdering						
Tilrettelegging arbeidsplass						
Opplæring	Helsestasjon+legeseekretær +rehab seksjon					Mulighet for individoppfølging
Rådgjeving						
Anna						
Fysisk, kjemisk, biologisk						
<i>* Målingar fører med seg utgifter til utstyrsleige/analysar</i>						
Kartlegging/måling*						
Risikovurdering						
Opplæring						
Rådgjeving						
Anna						
Arbeidshelseoppfølging						
Helsekontroll arbeidshelse	Kjøkken+ driftsavdeling Send ut info + tilbod om ahu til nattevakter		Feb/Mar Sept			

Tenestekområde	Avtalt aktivitet	Tidspunkt	Ansvar	Omfang	Merknad
	Øvrige brannmannskap	Jan/feb			
Helsesertifisering	Røykdykkarar	Jan/feb			
Arbeidsmiljøkartlegging					
Arbeidsmedisinsk poliklinikk					
Vaksinasjon/reiserådgeving					
Anna					
Livsstil					
StaminaPluss - livsstilskonsept					
Temadagar/helsedagar	Helsedag for Rådhuset (?)	Hausten 2016			Dette blir vurdert etter halvårsevaluering
Helsekontroll fokus livsstil					
Kroppsanalyse					
Fysisk aktivitet/trening					
Fysiske testar					
Kosthald					
Stressmeistring					
Røykeavvenning					
Avhengigheit/AKAN					
Anna					
Sjukefråvær					
Sjukefråværsførebygging					
Rutinar/leiarretteiing					
Analyse av sjukefråvær					
Sjukefråværsutval					
Funksjonsvurderingar					
Individoppfølging/dialogmøte	Stamina Helse deltek ved ønske/behov				
Opplæring					
Anna	AAU etter plan				

Tenesteområde	Avtalt aktivitet	Tidspunkt	Ansvar	Omfang	Merknad
Krisehandsaming	IA-møter etter plan				
Kriseberedskapsplan/rutinar					
Bistand ulykker/hendingar					
Individoppfølging					
Anna					
Kurs/opplæring					
Grunnkurs HMS					
Leiarkurs HMS					
Førstehjelpskurs (grunnleggjande (inkl. MiniAnne-kurs), hjärtstartarkurs, utvida førstehjelp for industrivern)	Einedalen skule Kulturskulen Blåhaugen skule				Avklar om det er retta mot barn eller voksne
Fagkurs (alle tenesteområde)					
Anna					
Andre aktivitetar					
Allmennelsekontroll					
Anna					

Namn på kontaktpersonar	Funksjon	E-post	Telefon/mobil
Jan Vidar Dammen-Hjeltneseth	Leiar (kunde)	jandam@heroy.kommune.no	99015025
Ann Kristin Eiken	Hovudkontakt (kunde)	Ann.kristin.eiken@heroy.kommune.no	48279021
Olaug Andreassen	Hovudverneombod (kunde)	Olaug.andreassen@heroy.kommune.no	
Anja B. Dahl	Kundeansvarleg (Stamina Helse)	anja.b.dahl@staminagroup.no	41457326

Anja B. Dahl 12/12-16
 Leiar/hovudkontakt

..... Dato Verneombod Stamina Helse

